



**Dok. ref.**

2020001544-1/K1-076, K2-C55/139

**Retningslinjer kulturpris/årets årdøl**

- Vedteke Ksak 004/11

**Årdal kommune sin kulturpris**

1. Årdal kommune kan kvart år dele ut ein kulturpris. Prisen vert gjeve til einskildpersonar eller organisasjonar som har tilknytning til kulturlivet i kommunen. Det kan vera på område som lagsarbeid, utøvande kunstnarleg verksemd, bygningsvern/kulturminnevern eller anna nærmiljøarbeid
2. Vedvarande arbeid over fleire år, eller ein heilt spesiell innsats, kvalifiserer i særleg grad til prisen.
3. Føremålet med prisen er å stimulera kulturlivet i kommunen ved å gje honnør for spesielt god innsats på området. Same personen kan berre unntaksvis motta prisen meir enn ein gong.

**Årets Årdøl**

1. Prisen vert gjeve til personar eller grupper som har gjort ein særleg innsats for andre menneske, eller ein særleg innsats til beste for bygda gjeldande år.
2. Personar eller grupper som har sett Årdal på kartet på ein positiv måte/profilert Årdal godt utad, kan også motta prisen.

Alle vert oppfordra om å sende inn grunngjevne framlegg til aktuelle kandidatar. Prisen vert annonsert i lokalpressa. Kommunen kan også sjølv foreslå kandidatar. Ein av desse, eller begge, prisen kan delast ut kvart år. Tildelinga av prisen vert avgjort i Utval for barnehage, skule og kultur og delt ut under kommunestyret sin julemiddag.

**Kvar av prisane er på kr. 5000,-.**